
Fra: Larissa Dahl

Sendt: 31. oktober 2019 13:44

Til: 'helene.moe@hfk.no'; 'hfk@hfk.no'

Kopi: 'au887@kyrkja.no'


Emne: svar vedr. dispensasjon gbnr 17/4 Meland kommune sak 18/2779 mellombels brakke-søndagsskule for kirke

Hei! Viser til Deres e-post av 28.10.19 i vår sak 18/2779 og svarer kort om vår vurdering av saka. Se vedlegg.

Med vennleg helsing

Larissa Dahl

Rådgiver Plan- utbygging og kommunal teknikk



Her kommer det svar frå tiltakshaver om tiltakets omfang og tidsperspektiv:

-Informasjon om kva som ligg i ordet «mellombels», dvs. tidsapsekt og kva som vil vere ei endeleg løysing. Vi viser her til pågåande planarbeid for kyrkjegarden (vår referanse 2018/9625), kor det ikkje er omtalt noko behov for ei mellombels brakke.

Svar:

Mellombels –

- Når arbeidet med kyrkjegardsutviding startar reknar eg med at det ikkje blir mogleg å ha det bygget ståande lengre. Det er snakk om inntil 2 år. Brakkene har elles ingenting med kyrkjegardsutvidinga å gjere.
- Vi ventar på å få bygd ei ny kyrkje på Frekhaug som skal avlaste den einaste kyrkja i ein kommune med 8000 innbyggjar . Den kyrkja vert den endelege løysinga. Meland har svært stor gudstenestesøknad og mange barn og barnefamiliar på gudstenestene. Vi har mange dåp pr år. Det kan hende mangel på rom fører til at vi må flytte gudstenester til ein skule eller liknande, viss vi ikkje kan få eit mellombels bygg, eller når det må vekk. Pr no har vi ikkje kapasitet til å flytte gudstenestene.
- Vi har behov for eit stort dåpssakristi, to lokale for ein todelt søndagsskule (over og under skulealder). Kapasiteten i noverande tilbygg er pressa til det ytterste/over det som er forsvarleg

-Om det har vore diskutert mogelegheiter for å nytte den noverande kyrkjestova/det gamle kommunehuset, evt andre bygningar i nærleiken, til mellombels søndagsskule

Svar:

Ja, det har vi sjølv sagt tenkt på. Den noverande kyrkjestova blir brukt til søndagsskule allereie. Tilbygget blir brukt til dei minste borna under skulealder. Det vil ikkje fungere å sende dei så langt vekk frå foreldra som kyrkjestova er – og vi vil like fullt ha bruk for to separate lokale. Det fins ikkje andre tilgjengelege bygg i nærheiten som vi kan bruke til søndagsskule.

Eg inviterer gjerne alle som har tankar om korleis vi skal drive vårt frivillige arbeid for barn om å kome på ei gudsteneste med 4-5 dåp med tilhøyrande dåpsfamiliar. Då kan det gjerne vere opptil 40 barn og vaksne på søndagsskulen for dei minste. Det vil illustrere problemet ganske lett.

(Tilbygget vårt på ca 80 kvm inneheldt ein gang, eit HC-toalett, to andre toalett, eit lager (tidlegare bårerom) med vaskeromskrok og plass til å lage kyrkjekaffi, eit mini dåpssakristi på 5-6 kvm og eit tidlegare dåpssakristi/no søndagsskulerom på ca 20 kvm.)

Brakkene står og ventar på ei samanbygging og dei blir øydelagte av å stå berre tildekka med plastikk som no. Eg ber om at de ikkje gir utvida frist.

Med venleg helsing

Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje i Meland

Tlf 56171485

Mobil 40462647